




Det kongelige fiskeridepartement

Pb 8118 Dep

0032 OSLO



T.E. 15/11-02 JD

Dykkar ref.:  
2001/304

Vår ref.:  
2489/02/313 ERO

Molde, 06.11.2002

## HØYRING OM FORSKRIFT FOR STRUKTURAVGIFT OG TILDELING AV KONDEMNERINGSTILSKOTT FRÅ STRUKTURFONDET FOR FISKEFLÅTEN

Vi viser til vårt brev i denne saka, datert 14.10.02, der vi oversendte ei foreløpig uttale. Saka er no endeleg handsama i fylkesutvalet.

I møte 4.11.2002 gjorde fylkesutvalet i Møre og Romsdal samrøystes slikt vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune finn å kunne gå inn for forslaget om forskrift for strukturavgift og tildeling av kondemneringstilskott frå strukturfondet for fiskeflåten med følgjande merknader:

1. Det må gå fram av forskrifta at det offentlige, over Støtteavtalen, skal medverke med eit beløp tilsvarande det næringa sjølv yter.
2. Avgiftssatsen må vere på eit lågast mogleg nivå, om lag 0,3%, avhengig av nivået på løyvinga frå staten over Støtteavtalen.
3. Den årlege fastsettinga av satsen bør vere gjenstand for eit samarbeid mellom næringa og Fiskeridepartementet. Stortinget bør gjennom lovheimelen for ordninga fastsette eit øvre tak for avgifta.
4. Ein bør ikkje kunne løyve midlar til fartøygrupper som har tilgang på andre strukturordningar (t.d. strukturkvoter). Dersom ein vedtek å innføre ordning med strukturkvoter for fartøy ned til 15 meter, skal såleis ikkje kystfartøy verken i lengdegruppa 15-21 meter eller kystfartøy i lengdegruppa 21-28 meter få tilgang på midlane i fondet. Større fartøy, t.d. nordsjøtrålarar, bør ikkje under nokon omstende få moglegheit til å få



midlar frå fondet.

5. Fylkeskommunen er tvilande til om det er føremålstenleg å ha eit krav om aktivitet i fiske, gitt at det er krav om deltakarløyve eller konsesjon. Dette vil kunne medføre at reiarlaga aktiverer fartøy for å kome i posisjon for å få tilskott, og at ein derfor unødig aukar kapasiteten mellombels i fartøygruppa.

6. Av praktiske årsaker (t.d. kø) bør det vere tilstrekkeleg at reiarane kan vise til at fartøya er levert til hoggeria og kan framvise erklæring om at fartøy vil bli destruert.

7. For å sikre at minst mogleg av midlane går til administrasjon av fondet, bør ein fastsette eit øvre tak på kor stor prosentdel av innbetalingane til

fondet som kan gå til administrasjon. Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i forslaget om at ordninga vert forvalta av SND regionalt etter nasjonale retningslinjer/regelverk.

8. Ordninga bør vere tidsavgrensa for 5 år, og ein bør gjennomføre evaluering av ordninga både etter at ordninga har virka ei stund, og etter at ordninga har opphøyr.

  
Ole E. Øverland

  
Bergljot Landstad



GML

Det kongelige fiskeridepartement

Pb 8118 Dep

0032 OSLO

FYLKESORDFØRAREN	
FISKERIDEPARTEMENTET	
04. DES. 2002	
SAKSNO.	2002/95-61
TRIV	343.9

TE 3/2-03 GML

Dykkar ref.:  
2002/95

Vår ref.:  
2488/02/313 ERO

Molde, 27.11.2002

## HØYRING FORSLAG TIL SPESIELLE KVOTEORDNINGAR FOR FARTØY UNDER 28 METER SOM DELTAR I FISKERI SOM ER UNDERLAGT ADGANGSBEGRENSNING

Vi viser til vårt brev i denne saka, datert 02.10.02, der vi ba om utsatt frist for å uttale oss i denne saka. Saka er no endeleg handsama i fylkesutvalet.

I møte 25.11.2002 gjorde fylkesutvalet i Møre og Romsdal samrøystes slikt vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune finn å kunne gå inn for forslaget til spesielle kvoteordningar for fartøy under 28 meter som deltek i fiskeri som er underlagt adgangsbegrensning med følgjande merknader:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til innføring av frivillige strukturordningar for kystflåten. Behovet for strukturering synest å vere stort også for flåten under 15 meter. Samstundes verkar det som om næringa ikkje er klar for ei innføring av strukturkvoter for denne delen av flåten. Ein går derfor inn for ei innføring av strukturkvoter for flåten ned til 15 meter.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune går inn for å halde lengdegruppene kvar for seg.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune er skeptisk til forslaget om driftsordningar, og meiner at desse klart kan verke til å forseinke og komplisere den nødvendige struktureringsprosessen i kystflåten. Mellom anna kan innføring av driftsordningar parallelt med strukturordningar gjere at fiskarane vel å gå inn på driftsordningar i staden for strukturordningar.



Slik blir den naudsynte struktureringa i flåten forseinka. Fylkeskommunen vil på det noverande tidspunkt såleis gå inn for innføring av driftsordningar berre for den/dei fartøylengdegruppene som ikkje får tilbod om strukturkvoter.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er fleire motstridande om-syn å ta når det gjeld forslaget om å opne opp for å kunne overføre kvoter mellom lengdegruppene innanfor ein kommune. På den eine sida er det føremålstenleg t.d. å gjere det mogleg for ein fiskar som har to fartøy innanfor ulike lengdegrupper å overføre kvoter mellom fartøya som han eig/driv. Samstundes er det klart at dette gjer ordningane meir kompliserte å administrere/kontrollere, og det kan opne opp for fleire "smutthol" i ordningane. Fylkeskommunen meiner ein derfor i første omgang berre skal opne for denne moglegheita i driftsordningane. Driftsordningane er meir reversible og ein vil derfor kunne gjere desse om dersom ein opplever uheldige konsekvensar.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune finn å kunne gå inn for at strukturkvotane skal kunne behaldast permanent, og at ein derfor avkortar kvotane med 30 % og 10 %.
6. Fylkeskommunen er skeptisk til for sterk opphoping av kvotar og meiner at det framleis må vere slik at den aktive fiskar(-ar) skal vere eigar(-ar) av driftsmidla i fiskeria.

  
Ole E. Øverland

  
Joralf Flataukan

Kopi: Mørebenken